



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato
22.09.2017
Dykkar dato
04.09.2017

Vår referanse
2017/10819 421.4
Dykkar referanse

Norconsult AS
Postboks 1199
5811 BERGEN

Kvinnherad - Detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet - Del av gnr 208 mfl.- Oppstart av planarbeid - Høyring av planprogram

Vi viser til brev av 09.04.2017 med uttalefrist 15.10.2017. Saka gjeld melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet.

Kommunedelplan (KDP) for Fjelbergsambandet vart godkjent i 2012 med trasealternativ 2A. I kommunedelplanen er det planlagt ei løysing med kabelferje for kryssing av Sundnessundet. I staden for kabelferje vil reguleringsplanen no omfatte ei bruløysing over Sundnessundet. Det vert difor utarbeidd eit nytt planprogram som grunnlag for seinare konsekvensutgreiing.

Brukryssing av Sundnessund har ei total lengde på om lag 630 meter. Val av bruløysing er ikkje avklara. Køyrevegen skal ha eit køyrefelt og møteplassar for kvar 250 meter. Total vegbreidde vil vere 4 meter med skulder, tilsvarande vegklasse A3.

Vurdering

Eit planprogram skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar opplegg for medverknad, alternativ som vert vurdert og trong for vidare utgreiingar, jf. pbl. § 4-1 andre ledd.

Eit viktig element i arbeid med planprogram er å vurdere relevante og realistiske alternativ. Alternativvurderingar kan t.d. omhandle alternative område for lokalisering av det aktuelle tiltaket, om ulik plassering innanfor planområdet og om alternative tiltak for å redusere ulempene av ei føreslegen utbygging. I forslag til planprogram er det to alternativ som vert vurderte, 0-alternativet (gjeldande KDP) og bruløysing. Fylkesmannen meiner forslag til planprogram med fordel kunne vurdert fleire alternativ for kryssing av Sundnessund for å få eit breiare avgjerdsgrunnlag, slik ein gjorde i tidlegare planprogram for kryssing av Fjelbergsundet. Det kunne til dømes vert tenleg å få vurdert eit tunnelalternativ i planprogrammet.

I forslag til planprogram vert det vist til tidlegare undersøkingar av biologiske verdiar både på land og i sjø. Det er no om lag ti år sidan desse undersøkingane vart utførde. På den terrestre sida, dvs. på land, har det skjedd ei utvikling på desse ti åra i forhold til kunnskap om viktige naturtypar og raudlisteartar. På bakgrunn av dette meiner Fylkesmannen at det bør gjennomførast nye undersøkingar av biologiske verdiar i planområdet. Tilsvarande er truleg ikkje like aktuelt for det marine miljøet, men for nye alternativ som ligg utanfor tidlegare

utgreidde alternativ, som bru over Sundnessundet og ev. fylling i Fjelbergsundet, må det gjerast tilleggsundersøkingar.

Vi vil allereie no opplyse om at utfylling i Fjelbergsundet vil vere konfliktfullt i høve til nasjonale strandsoneverdiar, jf. pbl. § 1-8. Fylkesmannen rår i frå løysingar som inneberer større utfyllingar i Fjelbergsundet. Når det gjeld kryssing av Sundnessund må konsekvensar for landskapsbilete vektleggjast høgt. Planarbeidet må søke løysingar som dempar negative verknader for landskapet. Elles er jordvern og kulturlandskap viktige verdiar som må leggjast vekt på ved optimalisering av vegtraseen i høve til traséalternativ 2A.

Det er registrert 79 innbyggjarar på Borgundøy og 20 på Fjelbergøy. Ferjetrafikken mellom Fjelbergøy og Sunde utgjer i snitt i underkant av 40 bilar kvar dag. Vi saknar difor omtale av om dette er eit realistisk og gjennomførbart prosjekt. Fjelbergsambandet er ikkje omtalt i regional transportplan 2018-2021 eller nemnt som ferjeavløysingsprosjekt. I følge RTP s. 33 er det «ikkje rom for å sette i gang større nye enkelståande investeringsprosjekt på fylkesvegnettet fullfinansiert med fylkeskommunale midlar i perioden».

Vi meiner elles at det er tenlege emne i planprogrammet som vert lista opp for nærare konsekvensutgreiing.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Christian Johan Alstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal